

# Setesdal Regionråd

## Årsmelding 2007

Til deg som har interesse av å vite kva vi gjer,  
og er oppteken av å vere med å utvikle dalen

*Gjestfri for nye tankar!*



## Innhald

<b>1</b>	<b>Styreleiar har ordet .....</b>	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>Arten og innhaldet til verksemda.....</b>	<b>5</b>
<b>3</b>	<b>Godkjenning – årsmelding .....</b>	<b>6</b>
<b>4</b>	<b>Organisering – samarbeidsstrukturar .....</b>	<b>8</b>
<b>5</b>	<b>Aktuelle saker anno 2007 .....</b>	<b>12</b>
<b>6</b>	<b>K14 – samarbeid med 14 kommunar i indre Agder .....</b>	<b>13</b>
<b>7</b>	<b>Kulturell identitet – synleggjering .....</b>	<b>14</b>
<b>8</b>	<b>Infrastruktur .....</b>	<b>17</b>
<b>9</b>	<b>Interkommunalt samarbeid – initiativ og prosjekt .....</b>	<b>18</b>
<b>10</b>	<b>Kompetanseheving – næringsutvikling .....</b>	<b>21</b>
<b>11</b>	<b>Regionalt næringsfond – støtte til utvikling av einskildverksemder.....</b>	<b>24</b>
<b>12</b>	<b>Partnarskap – kompensasjonsordning for differensiert arbeidsgjevaravgift.....</b>	<b>25</b>
<b>13</b>	<b>Driftsrekneskap.....</b>	<b>27</b>
<b>14</b>	<b>Balanserekneskap .....</b>	<b>28</b>
<b>15</b>	<b>Framtidsutsikter – prioriterte aktivitetar .....</b>	<b>32</b>

For å krydre årsmeldinga 2007 har vi bede nokre velkjende personar i dalen å stille opp framom kamera med desse stikkorda som utfordring;

«Gode kvardagar» –  
«Det gode liv» –  
«Arbeidsglede/spenst».

Hjarteleg takk til velvjuge og sporty fotoobjekt  
– ikkje minst sprudlande born i leiketårnet!

UTGJEVAR: Setesdal Regionråd  
TEKST: Signe Sollien Haugå  
DESIGN: Kjetså Design AS  
FOTO: Marit Kvaale  
TRYKK: Setesdalstrykk AS

# 1

## Styreleiar har ordet

Setesdal Regionråd er vår felles arena for utforming av politikk og samhandling over kommunegrensene. Arenaen er viktig for å ta opp tema og saker der ein kan sjå seg tent med å løyse oppgåver i fellesskap.

### **VI ER GODE PÅ SAMARBEID!**

I Setesdal er vi flinke til å samarbeide. Vi har på plass mange strukturar og system som gjør det enkelt å byggje vidare – samstundes som kommunestrukturen ligg fast.

Den digitale og teknologiske infrastrukturen og IKT-samarbeidet er eit godt døme på korleis vi har kome i fremste rekke og lagt grunnlaget for samordna tenester på sentrale område som renovasjon, brann, revisjon gjennom interkommunale verksemder (IKS). I 2007 forsterka vi dette gjennom å vedta implementering av eit nytt datasystem som knyter kart- og eigedomsdata opp mot økonomisystem og tenesteyting mellom dei interkommunale verksemndene og kommunane.

Dei tilsette er ressursar når det gjeld å tenkje nytt og proaktivt. Dei er viktige pådrivarar når det gjeld å samle kompetansen og ressursbruken til beste for brukarar og kundar. Eit døme er barnevernsprosjektet som dei tilsette sjølve har teke initiativet til.

2007 har vore eit godt år med tanke på å få til interkommunale løysingar på viktige tenesteområde i offentleg sektor. Mykje godt arbeid er lagt ned i prosjektet NAV Setesdal og for å tryggje drift og utvikling av Setpro og DS Bjoren AS – alle viktige brikker i Setesdalsbiletet. Gjennom fokus på handel, utdanning og storleik er Evje og i ferd med å ta rolla som regionsenter for dalen og omlandet.

Arbeidet med næringsutvikling er eit område som har hatt svært ulike rammer og føresetnader mellom kommunane. Regionrådet har etter beste evne prøvt å tildele løyvingar som bedriftsretta støtte frå det regionale næringsfondet, der fylkeskommunen er ein viktig ytar. Vi har og medverka til synleggjering av det næringslivet som finst, og m.a. lagt til rette for kompetansehevingsprogram for små og mellomstore verksemder.

Frå 2007 er alle dei 4 samarbeidande kommunane likestilte – med like store bidrag til regionrådkassa – og med eit revitalisert samarbeidsfundament som er tilrådd av kommunestyra frå sør til nord i dalen. Dette er også fundament for partnarskap mellom regionen og Aust-Agder fylkeskommune. Samarbeidet skal konkretiserast i ein utviklingsplan for Setesdal. Fram til den planen er ferdig, har vi lagt til grunn ei omforeina prioritert tiltaksliste for utviklingsarbeidet i 2008.

### **DELTAKING I SAMFUNNSDEBATTEN – PÅVERKNAD AV HANDLINGSROM OG UTVIKLINGSLINER**

Året 2007 syner at det er krevjande å kome opp i fremste line og å bli premissleverandør og drivkraft i høve til samfunnsutviklinga i landsdelen. Gjennom året har vi lagt vekt på å kome med konstruktive innspel til samfunnsdebatten i form av uttalar til ulike regionale og nasjonale høyringar. Då nyttar vi høvet til å minne om distriktsomsyn og viktige føresetnader for å aktivere utviklingspotensialet i regionen. Vi peikar stadig på kor viktig det er å ha ein god infrastruktur i vegnett, utdanning osb.

Tenkjer ein framover kva tilfang vi rår over, er eg overtydd om at potensialet som ligg i forvalting og utvikling av arealressursar vil bli viktig, likeeins å ha romsleg kommuneøkonomi til å yte topp tenester som eit gode i distrikta.

Eg har òg tru på at vi kan tilby landliv for fleire – kombinert med interessante arbeidsplassar både i privat og offentleg sektor framover. Eg ser også at vi har mykje ugjort i høve til reiselivet – med samarbeid, samordning, synleggjering og vidare reisemålsutvikling.

Vidare har vi rike kultur- og rekreasjonslandskap som naturleg kan og bør spele mykje tettare saman med sjø- og byliv i dei tett busette kystområda i Agder i åra som kjem.

Om ein skal trekkje fram tema og prioriterte område for året 2008, er det nærliggjande å nemne rekruttering som ei sentral utfordring som følger av høg temperatur i arbeidsmarknaden. Vi kjenner kampen om arbeidskraft og kompetanse. Vi ser at vi må få fram attraksjonskrafta i kvardagen som følgjer med kvalitet i tenestetilbod og fritid – som eit gode for å auke tilflytting og folketal. For i Setesdal er og skal det vere godt å bu og drive verksemd!

#### **FOKUS PÅ NÆRING OG INFRASTRUKTUR – HØGT PÅ LISTA OGSÅ FRAMOVER!**

Eg ser det som viktig at regionen er tilretteleggjar for det private næringslivet og at ein gjennom det skaper lokal vekst.

Riksveg 9 er livåra i dalen. Vi må halde fram med å peike på kor viktig det er med vidare utbygging og sikre finansieringa av det høgast prioriterte fellestiltaket vårt framover.

#### **TAKK**

Takk til alle som har medverka i ordskiftet og sett saker på dagsorden slik at vi stadig er på veg framover! Takk til styret for at de er med å fremje dalens beste i fellessaker.

Eg nyttar òg høvet til å rette ein særskild takk til bedriftsgruppa for måten dei har synt samfunnsansvar gjennom å kanalisere millionbeløp til utbygginga av riksveg 9.

Løyvingane har sikra utbygging, synleggjort lokalt engasjement, og uttrykt konkret vilje til delfinansiering som blir lagt merke til langt utanfor Setesdal. Likeeins har dei gjort det mogleg å løfte fram estetikk- og profil-programmet for riksveg 9 og andre gode tiltak som kjem næringsliv og fellesskap til gode framover!

Kay A. Jeiskelid

STYRELEIAR



# 2

## Arten og innhaldet til verksemda

Setesdal Regionråd er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes.

Verksemda er organisert som eit interkommunalt samarbeid i medhald av § 27 i kommunelova. Valle kommune er vertskommune.

Regionrådet har som visjon å medverke til at det er godt å bu og drive verksemد i Setesdal. Verksemda har tre strategiske satsingsområde – infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling.

### **FORMALIA – NYTT FUNDAMENT FOR SAMARBEIDET**

Visjonsdokument – samarbeidsavtale og nye vedtekter for Setesdal regionråd vart lagt fram kring årsskiftet 2006-07. Kommunane godkjende og formaliserte det nye fundamentet gjennom kommunestyrevedtak våren 2007.

### **FRAMHALD AV DRIFTA**

Styret finn at verksemda er driven i samsvar med og i medhald av den samarbeidsavtalen og dei vedtaka som gjeld.

Styret konstaterer at drifta for 2008 er sikra gjennom formaliserte samarbeidsavtalar med kommunane og øyremerka midlar frå kommunane til verksemda.

### **ARBEIDSMILJØ – YTRE MILJØ**

Verksemda disponerer tilfredsstillande kontorlokalitetar og naudsynt utstyr. Det har ikkje vore sjukdom eller skader på personell eller utstyr i 2007.

Valle kommune leverer som vertskommune desse tenestene: Rekneskap, kontor med reinhalds- og vaktmestertenester, datastøtte, møtesekretær, arkiv- og sentralbordtenester.

Setesdal Revisjondistrikt IKS er revisor for regionrådet.

Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

### **ØKONOMI OG RESULTAT**

Styret legg fram rekneskapen for 2007.

Rekneskapen er ført i Valle kommune og revidert av Setesdal Revisjondistrikt IKS.

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit dekkande bilet av verksemda si stilling og resultat. Det er ikkje vesentlege hendingar eller uvisse når det gjeld det framlagde resultatet eller rekneskapen for 2007.

### **Ein opplyser at:**

- Rekneskapen syner eit overskat på kr. 56.828,20 for driftsåret 2007.
- Dette vert overført til disposisjonsfond.
- Prosjekt og tiltak med finansiering frå kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift blir ført med separate prosjektrekneskap.

### **Som vedlegg følgjer:**

- Driftsrekneskap
- Balanserekneskap
- Noter til rekneskapen
- Revisjonsberetning

# 3

## Godkjenning – årsmelding

Årsmeldinga med rekneskap er godkjent i sak  
52/o8, 22. mai 2008 og sak 60/o8, 19. juni 2008.

Representantskapen tok årsmeldinga til  
etterretning, i møte 19. juni, sak 2/o8.

Representantskapen godkjende rekneskapen  
i same møte, sak 3/o8.



Bjørgulf Sverdrup Lund

ORDFØRAR VALLE KOMMUNE



Nils G. Østerhus

VARAORDFØRAR EVJE OG HORNNE KOMMUNE



Eli Tomine Moe

VARAORDFØRAR BYGLAND KOMMUNE



Anne E. Senum

VARAORDFØRAR BYKLE KOMMUNE



# 4

## Organising - samarbeidsstrukturar

### REPRESENTANTSKAP

Formannskapet i dei fire samarbeidskommunane er representantskap for regionrådet. Rådmennene og dagleg leiar møter med tale- og forslagsrett.

Ordførar Bjørn A. Ropstad var vald til leiar for representantskapet for 2006/07. Ordførar Kay A. Jeiskelid var vald til nestleiar i same perioden.

Ordførar Knut A. Austad er vald til leiar i representantskapet for 2008/2009. Ordførar Bjørgulg Sverdrup Lund er vald til nestleiar i same perioden.

### STYRE

Representantskapet har valt styret med funksjonstid 2008 til 2011: Ordførar Steinar Kyrvestad var vald til styreleiar for 2006/2007. Ordførar Knut A. Austad var vald til nestleiar for same perioden.

Ordførar Kay A. Jeiskelid er vald til styreleiar for 2008/2009. Ordførar Bjørn A. Ropstad er vald til nestleiar for same perioden.

### STYRE TIL SKIFTET ETTER VALET 2007:

#### **Bykle kommune:**

Ordførar Kay A. Jeiskelid  
Varaordførar Anne Ellen Senum

#### **Valle kommune:**

Ordførar Steinar Kyrvestad  
Varaordførar Olaf Henrik Homme

#### **Bygland kommune:**

Ordførar Knut A. Austad  
Varaordførar Harry Andersen

#### **Evje og Hornnes kommune:**

Ordførar Bjørn A. Ropstad  
Varaordførar Endre Refsnes

### STYRE ETTER VALET 2007:

#### **Bykle kommune:**

Ordførar Kay A. Jeiskelid  
Varaordførar Anne Ellen Senum

#### **Valle kommune:**

Ordførar Bjørgulg Sverdrup Lund  
Formannskapsmedlem Olav K. Hovet

#### **Bygland kommune:**

Ordførar Knut A. Austad  
Varaordførar Eli Tomine Moe

#### **Evje og Hornnes kommune:**

Ordførar Bjørn A. Ropstad  
Varaordførar Nils G. Østerhus

### Observatørar med møte- og talerett:

Aust-Agder fylkeskommune:  
Fylkeskordførar Oddvar Skaiaa fram til valet – Fylkesordførar Laila Øygarden etter valet.  
Fylkesrådmann Arild Eielsen.

Rådmennene i samarbeidande kommunar:

Tallak Hoslemo – Bykle  
Arne Tronsen – Valle  
Aasmund Lauvdal – kst. Bygland  
Jens Arild Johannessen – Evje og Hornnes

Dagleg leiar – Setesdal Regionråd  
Signe Sollien Haugå.

Tallak Hoslemo

RÅDMANN BYKLE KOMMUNE



Jens Arild Johannessen

RÅDMANN EVJE OG HORNNES KOMMUNE



Arild Eielsen

FYLKESRÅDMANN

Arne Tronsen

RÅDMANN VALLE KOMMUNE





## REPRESENTANTSKAP I IKS

Styret i regionrådet utgjer representantskap i dei interkommunale selskapa i dalen\* :

- Setesdal Brannvesen IKS
- Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS
- Setesdalsmuseet IKS/  
Setesdalsmuseet Eigedom IKS
- Setesdal Revisjonsdistrikt IKS

\* *Bygland kommune har oppnemnt andre representantar til nokre av selskapa.*

## KONTAKTORGAN

Kontaktorganet er samansett av næringsansvarlege i samarbeidskommunane – representert gjennom tiltaksmedarbeidar i Bygland kommune, tiltaksmedarbeidar i Valle kommune, representant for Evje Utvikling AS og tilsvarande Bykle Hovden Vekst AS. Kontaktorganet har og representantar for Innovasjon Norge, landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i Aust-Agder, Aust-Agder fylkeskommune og A-etat. Desse er rådgjevarar for dagleg leiar i einskildsaker og i høve til utviklingsprosjekt.

## BEDRIFTSGRUPPA

Bedriftsgruppa saman med styret i Setesdal Regionråd utgjer eit partnarskap som har disponert kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift.

Bedriftsgruppa er samansett av dei daglege leiarane av dei 5 største verksemndene i dalen.

### **Bedriftsgruppa har desse representantane:**

- Rune Skibsrud – Skibsplast, leiar
- Ole P. Bruun – tidlegare Hovden høgfjellshotell
- Terje Greibesland – Setesdal Bilruter
- Steinar Nomeland – Nomeland Anlegg
- Per Birkeland – Byglandsfjord sag

## ADMINISTRASJON – TILSETTE

Dagleg leiar, Signe Sollien Haugå, er tilsett i 100 % stilling.

Frode Buen har vore engasjert som prosjektleiar i ulike deltidsprosjekt gjennom Valle kommune.

Regionrådet har og kjøpt prosjektleartenester til NAV-prosjektet av noko omfang.

## REPRESENTASJON/OPPNEMNINGAR/

### UTSENDINGAR O.A.:

- Agderrådet – ordførar Knut A. Austad er vararepresentant til arbeidsutvalet.
- Bedre Stamvei på Sørlandet  
– styreleiar Kay A. Jeiskelid overtok etter Steinar Kyrvestad
- Evje Utvikling – dagleg leiar er observatør i styret
- Høgskulenoden – dagleg leiar er representant i styringsgruppa
- K 14 – kommunenesamarbeidet mellom 14 kommunar i Indre Agder – styreleiar i AU, dagleg leiar yter sekretariatstenester
- Evje og Hornnes kommune etter omstillingsperioden – dagleg leiar oppnemnt til referansegruppe for næringsstrategiar
- Vassdragsstyret for Nedre Otra – Knut A. Austad er oppnemnd som observatør
- Forvaltingsplan for Otra/Vassdirektivet – ordførarane er oppnemnde til arbeidsutvalet
- Diverse ad hoc-utval/prosjektgrupper – i høve konferansar osb.

# 5

## Aktuelle saker anno 2007

### **ENGASJEMENT I DEN REGIONALE SAMFUNNSDEBATTEN**

Regionrådet har lagt vekt på å ta del i den regionale samfunnsdebatten gjennom å kome med innspel til viktige høyringar og dokument.

### **FYLKESPLANENS HANDLINGSPROGRAM 2008**

Til framlegget frå Aust-Agder fylkeskommune for 2008 gjorde vi merksam på at vi ønskjer støtte og hjelp til å halde fokus på RV 9-utbygginga. Vidare la vi vekt på at vi såg det som naturleg at den nye strategiske samarbeidsplattforma skulle vere grunnlag for partnarskap og prioritering av regionale utviklings tiltak og løyingar til Setesdal. Vi peika på trong for større næringsfond og kom med synspunkt på omstilling, bruk av virkemiddel og etterspurde tiltak som møter utfordringane som landbruket står overfor. Det vart òg peika på at vi meinte å ha eit godt utgangspunkt for å drive pilotarbeid innafor digitale løysingar på område med satellittfoto, kart-, eigedom- og arealforvalting. Vi understreka vi at vi såg det som viktig at fylkeskommunen medverka til oppretthalding og vidareutvikling av den vidaregåande skulen og dei ulike avdelingane i Setesdal. Vi peika på utfordringane med NAV- etablering og fokus på brukar og nærliek til tenester. Vi framheva òg ønske om utvida regionsamarbeid innafor tema som t.d. reiseliv og Hardanger. Vi oppmoda fylkeskommunen til å tenkje langsiktig påverknad i høve til nasjonale politikkområde som har mykje å seie lokalt, som vasskraft, areal, kommuneøkonomi og folketsutvikling.

### **HØGSKULEN I REGIONEN**

Regionrådet er oppteke av å sjå Høgskulen i Agder (no Universitetet i Agder) som ein viktig institusjon for grunnutdanning for heile Agder.

Vi oppmoda høgskulen til å styrkje rolla som kompetanseaktør innafor regional utvikling og samfunnsutvikling med fokusområde som folketal og busetjing og tilrettelegging av studiar og forsking som kan hjelpe til å gjere interaksjonen mellom Agderbyane og dei indre bygdene sterkare. Vi tok også til orde for FOU-satsing relatert til små og mellomstore verksemder og bransjar representerte i området vårt. Vi gav òg uttrykk for at vi ser desentralisert utdanning gjennom Høgskulenoden som eit viktig og verdfullt samarbeid for å sikre kompetanse og rekruttering hit.

### **VASSDIREKTIVET – PLANPROGRAM FOR VASSREGION SØRVEST**

Styret var positive til at arbeidet vart sett i gang med ein heilsakleg plan for Otra. Vi bad om avkláring av geografisk og tematisk avgrensing av arbeidet (vasstreng kontra nedslagsfelt), vi gav uttrykk for at vi ønskjer endra organisering og mykje sterkare representasjon i prosjektstyringa frå kommunane. Regionrådet foreslo at ordførarane skulle få plass i arbeidsutvalet. Det vart òg trekt opp ei rad problemstillingar som trong nærlare avkláring; t.d. verkeområde og konsekvens i høve til framtidig arealplanlegging og forvalting, restriksjonar ein kan rekne med kan følgje av ein endeleg plan, osb.

### **FELLES ENERGIPLAN AUST- OG VEST-AGDER**

Styret gav tilslutnad til arbeidet og kom med innspel til vidare drøfting. Vi peika på potensialet i teknologiutviklinga for å redusere effekttapet langs linenetet frå produksjonsstad til byane og forbrukarane. Vi tok til orde for meir satsing på bioenergi. Styret gav uttrykk for at ein såg det som positivt at fylkeskommunen konkretiserte ambisjonane om innføring av nye energiberarar i eigne bygg, energisertifisering av bygg og vassboren varme i store bygg.

Mellom innvendingane var at ein etterlyste ein klåre «energipolitikk» – kva posisjon Agder skal ha og ta i høve til norsk og europeisk marknad, og kva prinsipp som vil gjelde om skjeringspunktet mellom kommersielle drivarar kontra miljøomsyn (lokalt – regionalt – nasjonalt). Regionrådet etterlyste òg stimulerande middel i høve til regionalt distribusjonsnett og småkraftutbygging. Det vart vidare teke til orde for dreiling mot avbøtande tiltak og stimuleringsordningar for å få fart på ønskt utvikling i ulike bransjar og private hushaldningar.

### AGDERRÅDET

Styret sluttar seg til framlegg om endra representasjon og vedtektsendringar. Styret oppmoda det nye Agderrådet til å sjå på tilsvarende administrativ representasjon for å likestille regionane betre i høve til by og distrikt.

### HEIMEVERNET – AGDER

Regionrådet uttrykte uro for framlegg til reduksjonar i heimevernet i Agder. Det vart peika på dei viktige funksjonane heimevernet har som beredskap i fredstid i samband med ulykker og katastrofar – t.d. som følgje av klimaendringar. Den viktige rolla heimevernet har med lokal kjennskap, lokal rekruttering og nærvære vart òg understreka.

# 6

## K14 – samarbeid med 14 kommunar i indre Agder

K14 er eit uformelt samarbeidsforum mellom 14 kommunar i indre Agder.

K14 har hatt eit arbeidsutval med Tønnes Seland – ordførar i Marnardal, Tellef Olstad – ordførar i Åmli og Steinar Kyrvestad – ordførar i Valle. Steinar Kyrvestad var leiar av K14 ut årret 2007. (Ny leiar vart vald i januar 2008.)

Setesdal Regionråd fungerer som sekretariat for K14-samarbeidet.

### KONSESJONSKRAFT

I 2007 arbeidde K14 mykje med konsesjonskraftordninga som verkty for framtidig regional utvikling. Ein drøfta strategiar for varig verdiforvalting, og prinsipp til moglege fordelingsordningar med sikte på at midlane skal kome heile Agder til gode også i framtida.

Som arbeidsgruppe vart oppnemnt arbeidsutvalet i K14, supplert med dagleg leiar i konsesjonskraftfondet i Aust-Agder og rådmann i Valle, Arne Tronsen og Per Storetvedt, rådmann i Marnardal. Signe Sollien Haugå var sekretær for gruppa.

### KOMMUNANE SITT FRAMTIDIGE

### INNTEKTSSYSTEM – SØRHEIMUTVALET

Den andre store saka i 2007 var framtidig inntektssystem for kommunane, og arbeidet som Sørheim-utvalet la fram.

Utvalseleiar Kristin Sørheim, ordførar i Tingvoll kommune, vitja K14 og orienterte om saka i møte 29. august 07, på Revsnes, Byglandsfjord. Som arbeidsgruppe til å utforme innspel for kommunane i K14 vart desse oppnemnde: Aasmund Lauvdal, kst. rådmann Bygland, Kjell Olav Hæåk, rådmann i Audnedal, Anne Sofie Hornnes, økonomisjef i Evje og Hornnes, Tallak Hoslemo, rådmann Bykle og Bjørn Ropstad, ordførar i Evje og Hornnes. Signe Sollien Haugå fungerte som sekretær for arbeidet.

Kjetil Lie, Telemarksforsking, utarbeidde fagleg grunnlag på oppdrag og i samarbeid med gruppa. I andre runde av høyringa deltok òg den nye leiaren i K14, Tellef Olstad. I kommuneopposisjonen, som vart lagd fram i mai 2008, vart K14-kommunane ivaretakne i tråd med framlegga våre. Vi tillet oss difor å påstå at arbeidet var vellykka!

# 7

## Kulturell identitet – synleggjering

### **SYNLEGGJERING – MEDIA**

NRK Sørlandet held fram med å vere den viktigaste mediekanalen vår i Agder-regionen gjennom mange reportasjar og oppslag om saker frå møte i regionrådet.

Den årlege utgjevinga av Setesdølen til alle husstandane i Agder er positiv for å profilere særmerke, næringsverksemd og attraksjonskraft i breidde frå kvardag, fritid, velferd og arbeid.

Omdømmebarometeret var eit verkty for å kartlegge kva omfang saker frå regionen fekk i nasjonale media. Barometeret fanga ikkje opp det regionale mediabiletet. Regionrådet varsla at vi ikkje ønskte å vidareføre deltaking i barometeret etter 2007.

### **STØTTE TIL ARRANGEMENT OG TILTAK SOM PROFILERER MANGFALDET I DALEN**

I 2007 er det gitt støtte til nokre få kulturarrangement som er viktige regionalt. Prosjekt som rettar seg mot born og unge, og formidling av «setesdalskultur» eksternt vart prioritert. Døme: 4H-fylkesleir i Setesdal, aksjonen Sykler til Cuba med lokal forankring, «Gama i byen» i regi av folkeakademia i dalen.

### **VIDAREUTVIKLING AV EIGENART**

#### **– KULTURBERING MED FLEIRE MOTIV**

Setesdal Spelemannslag tok initiativ til eit ordskifte om korleis ein kan ta vare på folke-musikken framover. Regionrådet løyvde midlar til gjennomføring av eit seminar med tema folkemusikk som del av samfunns- og næringsutviklinga og eigenverdi i levande kulturbering. Styret har òg teke del i forprosjektet som følgde etter seminaret, og i utforminga av det gjennom kommunerepresentasjon. Oppfatninga er gjennomgående at folkemusikken representerer ei viktig kjelde og uttrykk for eigenart og identitet for Setesdal, og at utøving eksternt gir positiv merksemeld. Samstundes ser ein at miljøet er lite og sårbart.





# 8

## Infrastruktur

### STAMVEGUTGREIINGA

Vegvesenet la fram analyser for stamvegnettet til høyring som grunnlag for Nasjonal transportplan for 2010-2019. Stamvegrute 4 c gjeld utbyggingsstrategi for RV 9, Kristiansand - Haukeli. Styret uttala seg om kor viktig riksvegen er som livsnerv i dalen. Det vart også peika på potensialet ved realisering av Hardangerbrua m.o.t. turisme. Styret etterlyste reviderte kostnadsoverslag med stamvegstandart og vegbreidd 7,5 m. Ein understreka trøngan for samla utbygging og gav uttrykk for at viljen til lokal og regional delfinansiering stod ved lag.

### RIKSVEG 9 – RV 9

I 2007 vart status i Setesdalspakka med reviderte utbyggingskostnader kartlagt. Dette viste at det samla finansieringsbehovet nærma seg 670 mill., mot opphavleg 251 mill.

Styret starta også på ei drøfting om alternativ bompassering som vart sendt vidare til eigarkommunane for å få synspunkt.

Det vart utbetalt 2 mill. frå kommunane og regionrådet til Statens vegvesen, region sør for planlegging av strekninga Langeid-Tveit. I tillegg formidla styret 6 mill. av kompensasjonsordninga som bedriftsgruppa hadde øyremerk til dette tiltaket.

I samråd med regionrådet prioriterte Vegvesenet opprusting av Byglandsfjord sentrum som del av dei 22 mill. i setesdalspakka, som er øyremerkte til trafikktrygging og miljøtiltak.

### BOMPENGEORDNINGA – KOMPENSASJONSORDNING.

Regionrådet har i 2007 vidareført ei årleg yting på kr. 500.000,- som kompensasjonsordning til Bygland, jf. avtale om bompassering i si tid.

### HAUKELIVEGEN – E134

Styret sa seg positive til å vere med på å fremje eit vegprosjekt med nye tunnelar over Haukeli som eit felles landsdelstiltak mellom regionane Vest-Telemark, Ryfylke, Hardanger og Setesdal, under føresetnad av tilslutnad frå Bedre Stamveg på Sørlandet, NHO-Agder og hamnestyret i Kristiansand.

### SMÅKRAFT OG LINENETT

Regionrådet følgde opp orientering i møte 29. januar 2007 med tema i K14-forumet og vidare drøftingar med Agder Energi Nett fram til møte med Olje- og energidepartementet 19. februar 2007.

### VIDEOKONFERANSEUTSTYR – SETESDAL VIDAREGÅANDE SKULE

Regionrådet gav støtte til etablering av videokonferanseutstyr saman med Aust-Agder fylkeskommune, Bykle, Valle og Evje og Hornnes kommunar.

# 9

## Interkommunalt samarbeid – initiativ og prosjekt

### NAV SETESDAL

NAV-reforma inneber at ein skal samordne sosialkontora i kommunane med dei statlege kontora for arbeid og trygd. NAV Setesdal vil bli etablert og opna hausten 2008.

I 2007 gjekk kommunane saman i ein forstudie og fleire fasar av forprosjekt for å kome til gode og varige samarbeidsløysingar i samarbeid med dei tilsette, og for å utvikle samla grunnlag til forhandling med statleg del av felles NAV-kontor.

Gjennom forstudien fekk ein avklåra at det var grunn til å tru at ein fekk ei samla betre måloppnåing for etablering av NAV-kontor ved at kommunane såg nærmere på samarbeid. I forprosjektet fekk ein kartlagt nærmere kva og korleis ein kunne samordne kompetanse og ressursnytting til beste for brukarane – med fullverdige tenester på lokalnivå. Dette vart nedfelt i ein intensjonsavtale mellom kommunane.

I samband med at staten skulle lokalisere spesialeiningar for NAV, var det skapt forventningar til at Evje kunne bli aktuell lokalitet for å oppretthalde både viktige kompetansearbeidsplassar og statleg verksemd i distrikta. Det syntet seg å ikkje bli realitet. Ordførarane fekk møte om saka med Stortinget sin helse- og sosialkomité 22. mai 2007 i samband med at dei vitja Sørlandet, men det førde ikkje til endringar i avgjerala om lokalisering.

I det vidare arbeidet har ein konsentrert seg mykje om å etablere eit samarbeid og ein forpliktande partnarskapsavtale mellom kommunane og NAV Stat (arbeid og trygd)

Wenche Tangene i Teamconsulting har fungert som prosjekt- og prosessleiar og rådgjevar for kommunane.

Styret og rådmenn har fungert som prosjekt-eigarar og styringsgruppe og aktivt medverka undervegs i arbeidet.

Fylkesmannen i Aust-Agder ytte kr. 200.000,- til forprosjektet gjennom felles søknad frå setedalskommunane via Bygland kommune.

### IKS – EVALUERING

Regionrådet sette i gang eit prosjekt med evaluering av IKS-organiseringa. Ekstern hjelpt fungerte ikkje som tenkt. Prosjektet vart difor avslutta undervegs i prosessen. Ny prosess vil bli starta i 2008.

### EIGARSTYRING IKS

Etter framlegg frå rådmennene sluttar styret seg til å opprette ei valnemnd for å samordne representasjon med unntak av revisjons-selskapet. Styret peika på at ein ser trond for meir aktivt eigarskap og samordning mellom budsjettarbeid mellom kommunane og verksamdene – og ikkje minst rutinar for å få dette til.

### IKT – KOMTEK

I dag blir ein del tenester gitt av interkommunale verksemder (IKS), medan fakturering og grunnlagsdata blir tilrettelagt av kommunane. For å sikre oppdatering, rutinar for utveksling av data og likskap uavhengig av kommunegrenser, tok tilsette innafor IKT og kartansvarlege initiativ for å legge til rette for oppgradering av system mellom kommunane og IKS-verksamdene. Knut Erik Paulsen, Bykle kommune, la til rette for samordna innkjøp av ny programvare og felles opplæring. Tiltaket vart utvida til å gjelde Iveland av omsyn til at dei òg er eigarar i dei aktuelle IKS-verksemdene som brann og renovasjon.



NATUR/DYR

MAT



#### FELLES MARKNADSPLAN – REISELIV

Hovden Ferie, Valle-Rysstad Reiselivslag og Nedre Setesdal Reisetrafikklag samarbeider om felles årleg brosjyre for reiselivet i Setesdal. Regionrådet yter årleg 50% av kostnadene ved felles profileringsarbeid innafor ei avgrensa ramme.

#### VASSDRAGSSTYRE FOR ØVRE OTRA

Regionrådet ytter økonomisk støtte til interimstyrret for etablering av vassdragsstyre for øvre Otra. Organisasjonen er tenkt å vere ein felles arena og organ med representantar frå offentlege og private aktørar, kommunane, vassdragsregulant, organisasjonar, retts-havarar osb.

#### HELSEDIALOG – OVERORDNA STRATEGISK

##### SAMARBEIDSUTVAL (OSS)

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane og KS og Sørlandet sjukehus SF. I medhald av overordna samarbeidsavtale mellom dei 30 kommunane i Agder og sjukehuset er det sett i gang eit arbeid for å utvikle rutinar og konkret samhandling. Sjukehusdirektør Jan Roger Olsen leiar OSS-utvalet. Frå Setesdal vart oppnemnt Hanne Straume/ Michael Vester til OSS-utvalet, Hallstein Homdrum til arbeidsgruppe for utskrivingsrutinar og Unn Merete Nordby til gruppe for alderspsykiatri.

# 10

## Kompetanseheving – næringsutvikling

Regionrådet arbeider for næringsutvikling både direkte og indirekte – gjennom politisk arbeid i høve til rammevilkår, infrastruktur, utvikling av fellestiltak t.d. innfor marknadsføring av reiselivet og direkte gjennom løyvingar som bedriftsretta støtte representerer – og som medspelar for kompetanseheving.

#### HØGSKULENODEN

Regionrådet ytter sin del av årleg driftsstøtte, saman med Evje Utvikling og Aust-Agder fylkeskommune. Regionrådet er òg representert i styringsgruppa i prosjektet. Høgskulenoden står bak studium som spesialpedagogikk og idrett i 2007. Høgskulenoden kartla i samarbeid med Setesdal vidaregåande skule kompetansebehov i private verksemder i dalen. Styringsgruppa inngjekk og samarbeidsavtale med Universitetet i Agder. Det vart drøfta og teke initiativ til fleire framtidige studietilbod for konkretisering i 2008.

#### KOMPETANSEHEVING FOR SMÅ OG MELLOMSTORE VERKSEMDER (SMB)

Tredje runde av programmet for kompetanseheving vart gjennomført i 2007. Nytt leiarutviklingsprogram, Next, vart annonser. Sjå s. 25.

#### INN PÅ TUNET – SLUTTRAPPORTERING

Regionrådet fekk orientering om prosjektet som vart avslutta i 2007. Prosjektet hadde medverka gjennom utvikling av forretningsplanar for 3 gardsbruk. Prosjektet syntet at interessa var mindre enn venta.

#### SETPRO

I 2007 har styret vore involvert i fleire drøftinger og orienteringar som gjeld utvikling av Setpro. Det er og gitt støtte til ymse tiltak for utvikling av verksemda med høvel-prosjekt, beisemaskin og implementering av kvalitetssikringsverktøy for å styrke verksemda.

## SIVA NÆRINGSHAGE – EVJE/SETESDAL

Regionrådet støtta initiativet frå Etablerar-hjelpa AS med å søkje om å bli SIVA næringshage. Styret gav støttefråsegn til søknaden og løyving til utforming av forprosjektsøknad. Vi har òg hatt ei aktiv oppfølging i søknadsfasen.

## NÆRINGSARBEIDET I EVJE OG HORNNES – ETTER OMSTILLINGSPERIODEN

Styret i regionrådet og dagleg leiar har gjennom året vore sterkt involverte i ein open og aktiv prosess som kommunen sette i gang for å avklare vidare organisering av tiltaksarbeidet i samband med avslutting av omstillingspersonen etter at Forsvaret trekte seg ut av området. Regionrådet gav uttrykk for at dei ønskete eit robust tiltaksapparat med lokal forankring i kvar kommune og regionalt samordna gjennom regionrådet. Styret signaliserte regional prioritering mellom nivå gjennom den framtidige «Utviklingsplan for Setesdal». Ein skisserte også at ein ønskjer å leggje prosjektansvar og operativt ansvar for ulike næringsutviklingsoppgåver til 1. linje i kommunane - alt etter kompetanse og kapasitet. Regionrådet har årleg ytt kr. 500.000,- i driftsstøtte til Evje Utvikling AS i omstillingspersonen.

## NEDRE SETESDAL REISETRAFIKKLAG

Regionrådet gav støtte til eit strategiprosjekt og fekk orientering om sluttrapporten. Styret var og involvert i strategiarbeidet gjennom orientering i styremøte og løyving til og deltaking i reiselivsseminar i regi av NSR.

## DS BJOREN AS

Den 15. august 2007 vart det arrangert synfaring med Bjoren og idéudugnad for å sikre både vidare drift og utvikling i høve til reiselivsmessig nytte. Etterpå sikra regionrådet vidare drift gjennom tilskot og garanti, medan Aust-Agder fylkeskommune signaliserte vilje til å gå meir aktivt inn i utviklingsarbeid knytt til båten når drifta var sikra.

## LUFTFARTSHØYSKOLEN I SØR

### – AGDER KUNNSKAPSHAGE AS

Styret støtta opp om initiativet frå Evje Utvikling og Froland kommune/Gullknapp, organisert gjennom Agder Kunnskapshage AS, med eit intensjonsvedtak til støtte for vidare arbeid. Styret gav uttrykk for at satsinga er viktig og positiv i høve til utvikling av Evje som regionsenter med nye kompetanseverksemder. Ein ser og at Luftfartsskulen vil underbyggje Evjemoen næringspark og prosjektet blir vurdert til å vere særskilt godt eigna i høve bruk av den infrastrukturen og bygningsmassen som finst. Ikkje minst er prosjektet verdifullt for å utvikle breiare kompetansemiljø og samhandling i Agder og slik underbyggje tverrfagleg FOU-aktivitet med rotfeste her verdifullt.



# 11

## Regionalt næringsfond – støtte til utvikling av einskildverksemder

Aust-Agder fylkeskommune ytte i 2007 kr 800.000,- til regionalt næringsfond for Setesdal. Regionrådet ytte tilsvarende vel 60 % av dette, kr 500.000,- Samla ramme vart på kr 1.300.000,- Ramma vart disponert i samsvar med fylkesplanens handlingsprogram, tilsegnsbrev og regionrådet sine eigne

styringsmål. Disponeringane vart gjorde delvis gjennom styrevedtak og delvis gjennom administrative vedtak frå dagleg leiar. I tillegg disponerte regionrådet ytterlegare kr 1.560.000,- til næringsrelaterte saker. Sum – samla: 2,83 mill.

### Desse verksemndene har motteke støtte i 2007

### Beløp:

Omnas Bygg og Anlegg	21000
Innovous v/Refsnes og Breivegen	17 000
Set.spelemannslag – workshop 2007	25 000
Trebyggeriet 2007, investering – anlegg	100 000
Gudmundson frisør, inv./etablering 2007	30 000
Geografisk merkevern – mat	50 000
Høgskulen for Setesdal – forprosjekt FOU – vassdrag/næring	50 000
Setesdal mineralpark – konseptutvikling	100 000
Setesdalstrykk – investering	66 000
Setpro – investering	26 000
Bygland KVS – klagesak – investering – idrettshall	250 000
Smeland Byggservice – investering	200 000
Sølvgarden – investering	250 000
Setesdal Vidaregåande skule – investering	50000
DS Bjoren AS – refusjon – støtte Bygland kommune	50000
Brokke Aktivitet – konseptutvikling	75000
Bjåen Fjellstoge – investering	157000
Mjølkekvotekjøp – tilskotsordning	50572
TINE meireriet sør Setesdal, investering	250000
Vassdragsstyre for Øvre Otra – interimstype – etablering	30000
Reiselivsverksemd – lån	250000
Landbrukets dag	25000
Setpro – Høvel/prosjekt	42000
Nedre Setesdal Reisetrafikklag – strategiprosess	80000
Grendi Handel AS – investering/etableringstilskott	100000
DS Bjoren AS	200000
Nesodden Industribygg	150000
Otra Biovarme	100000
Institutt for sammenlignende studier – bokutgj	30 000
<b>Sum</b>	<b>2.832.572</b>

## ANDRE LØYVINGAR

Kulturrelaterte arrangement/tiltak – ekstern marknadsføring – løyvingar 2007	Beløp:
Valle Folkeakademi – Gama i byen	50 000
Aust-Agder 4H – Fylkesleir i Setesdal	40 000
Sykler til Cuba	25 000
<b>Sum</b>	<b>115 000</b>

# 12

## Partnarskap – kompensasjonsordning for differensiert arbeidsgjevaravgift

### BEDRIFTSGRUPPA I PARTNARSKAP

#### MED STYRET I REGIONRÅDET

Bedriftsgruppa saman med styret i Setesdal Regionråd utgjer eit partnarskap som disponerer kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift i Setesdal og Iveland.

Det er sett i gang ymse tiltak innafor infrastruktur som faktor for verdiskaping og felles-tiltak for heile dalen. Ordninga kan ikkje gå til bedriftsretta støtte.

Bedriftsgruppa har tett og godt samarbeid med Aust-Agder fylkeskommune v/Anne Torunn Hvideberg når det gjeld disponering og rapportering i høve til ordninga.

Dagleg leiar i regionrådet står for dagleg oppfølging og koordinering av tiltak og prosjekt. Laila Kiland, økonomiavdelinga i Valle kommune, syter for rekneskapsføring, rapporteringar og naudsynt sluttrapporter-tingar og revisjonsoppfølging.

#### ØKONOMISK OVERSYN – STATUS

Partnarskapet hadde ei samla ramme på kr. 18.068.571,- til rådvelde då det vart sett i verk. Ordninga vart avvikla i 2006, rest av ramma kan disponerast innan utgangen av 2009.

Pr 31.12.06 var kr. 5.075.000 utbetalt etter sluttrapportar med tilhøyrande revisorgodkjenningar.

I 2007 er sluttrapportert prosjekt med delfinansiering frå ordninga. Samla kostnader til ulike slutrapporterte tiltak i 2007:

- IP-soner og oppgradering av telefon-sentralar: 353.221,-
- Kompetansehevingsprogram for små og mellomstore verksemder (SMB II) 841.432,-
- Reiselivsprosjekt, fase II, inkludert nett-portalar og grafisk utforming av banner-prosjekt osb.: 1.797.472,-
- Gründercoach: kr. 134.003,-

I 2007 er det føreteke delutbetaling til prosjekt som held fram eller er slutt-rapporterte med samla beløp kr 6.347.510,-

Det er òg godkjent disponeringar til Next leiarutvikling, SMB-kurs, lyssetjing av merkestein på Hovden, oppføring av nye merkesteinar Evje sør og Hirtshals osb.

#### RIKSVEG 9

Partnarskapet har prioritert millionar til riks-veg 9 ut i frå ei vurdering av at innsatsen har vore utløysande for vegprosjektet. Parsellen Ose – Tveit vart sett i gang i 2006.

Partnarskapet si løyving førde til regional samfinansiering og igangsetjing. I 2007 vart til saman 6 mill. av løyvinga til parsellen overført til Statens Vegvesen – saman med 2 mill. frå Bykle, Valle og Bygland kommunar og regionrådet til vidare planlegging frå Tveit til Langeid.

#### **KOMPETANSEHEVINGSPROSJEKT FOR SMÅ OG MELLOMSTORE VERKSEMDER**

Utvikling og nyskaping i eksisterande verksemder er eit innsatsområde som har som mål å hjelpe til med kompetanseheving i verksamdene. Kompetanseområde blir valde ut frå behova til den einskilde verksemda. Partnarskapet med bedriftsgruppa og regionrådet og Evje Utvikling sette i gang den tredje runden av programmet. Programmet vart kunngjort og var ope for søknad frå interesserte verksemder. Av 20 interesserte vart 9 verksemder plukka ut til å delta. Desse utvikla kompetanse relatert til eiga verksemrd innafor tema som booking, marknadsføring, dattateknologi, logistikk, lønsemd o.a.

Desse verksemdene var med:

- Hovdestøylen
- Hasla AS
- John Haugen Skogsdrift
- Trebyggeriet
- Setesdal Mineralpark
- Setesdalstrykk
- Neseset Camping
- Hovden Aktiv
- Smeland Byggservice

Deltakarane rapporterte at dei hadde svært stor nytte av programmet.

#### **NEXT – LEIARUTVIKLINGSPROSJEKT**

UiA og CR Group AS har lagt opp eit leiarutviklingsprogram for små og mellomstore verksemder. Ein gjekk inn med ordingar for å motivere til deltaking frå næringslivet i Setesdal. Lokal prosjektleiing er kjøpt gjennom Evje Utvikling, ved Connie Barthold, medan regionrådet har prosjektansvaret for alle SMB-prosjekta.

#### **MERKESTEINAR**

Det vart sett opp ein stein på Bygland, og steinen på Lundane på Hovden vart lyssett. Det vart reist master med tanke på bannerprosjektet i Bygland i samarbeid med Bygland kommune. Det vart òg sett av ei ramme til å dekke kostnadene med å setje opp ein merkestein i Hirtshals i 2008.

#### **SETESDALSKONFERANSEN 2007**

Bedriftsgruppa er initiativtakar og vertskap for ei årleg samling for private verksemder i dalen. Arrangementet gjekk føre seg 23.-24. november 2007 på Revnes hotell, Byglandsfjord. Daglege leiatar i private verksemder i dei 4 kommunane var inviterte. Kjell O.Johannessen var programleiatar. Temaet var: Korleis vere på hogget i høve til framtida – marknad, moglegheiter og lønsemd. Innleiarane var delvis lokale og regionale representantar innafor privat sektor, regionalt tiltaksapparat, NHO Agder osb.

#### **OPPGRADERING AV TELEFONSENTRALAR OG ETABLERING AV TRÅDLAUSE IP-SONER**

Prosjektet var gjennomført tidlegare, men først sluttrapportert i 2007. Det vart vedteke å vidareutvikle systemet, og prøvedrifta vart forlenga med 2 år.

#### **REGIONALT REISELIVSPROSJEKT – FASE II**

Det regionale reiselivsprosjektet – fase II vart sluttført og sluttrapportert i 2007. Setesdal Regionråd har hatt eit 3-årig reiselivsprosjekt som gjekk ut på utvikling av felles marknadsplan – profilering og overbygning for ulike delprosjekt. I dette låg mellom anna pilotprosjekt i utvikling av grafisk profil, utvikling av nettportal for reiselivet [www.setesdal.com](http://www.setesdal.com), nettportal for tenesteyting relatert til hyttemarknaden ([www.hytteisetesdal.com](http://www.hytteisetesdal.com)), utvikling av bannerprosjekt og informasjonstavler, osb.

Frode Buen var prosjektleiar. Prosjektet vart finansiert gjennom løyvingar frå kompensasjonsmidlar, via Innovasjon Norge og Aust-Agder fylkeskommune, i tillegg til eigen innsats.

# 13

## Driftsrekneskap

	REKNESKAP 2007	REKNESKAP 2006
<b>DRIFTSREKNESKAP</b>		
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>		
Salsinntekter	2 624,00	13 201,25
Refusjonar	7 962 654,49	5 083 712,15
Overføringer	0,00	6 942 571,00
Andre driftsinntekter	53 068,41	327 453,25
Sum driftsinntekter	<b>8 018 346,90</b>	<b>12 366 937,65</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>		
Løn inkl. sosiale utgifter	760 157,20	1 019 327,05
Kjøp av varer og tenester	3 263 902,21	2 037 073,50
Overføringer	12 928 586,88	4 350 361,62
Andre driftsutgifter	53 068,41	327 453,25
Sum driftsutgifter	<b>17 005 714,70</b>	<b>7 734 215,42</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-8 987 367,80</b>	<b>4 632 722,23</b>
<b>FINANSPOSTER</b>		
Renteinntekter	145 876,50	187 435,48
Renteutgifter	727,00	734,83
Mottekne avdrag på lån	506 501,33	506 501,33
<b>Ordinært resultat</b>	<b>-8 335 716,97</b>	<b>5 325 924,21</b>
<b>INTERNE FINANSTRANSAKSJONAR</b>		
Avsetningar	1 991 245,47	15 056 745,75
Bruk av tidligare avsetningar	10 383 790,64	9 748 005,16
<b>Sum avsetningar</b>	<b>8 392 545,17</b>	<b>5 308 740,59</b>
<b>Rekneskapsmessig overskot</b>	<b>56 828,20</b>	<b>17 183,62</b>

# 14

## Balanserekneskap

	REKNESKAP 2007	REKNESKAP 2006
<b>EIGEDELAR</b>		
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>		
Utlån	1 394 075,01	1 900 576,34
Aksjar og andelar	445 725,00	445 500,00
Pensjonsmidlar	139 234,00	29 017,00
<b>Sum anleggsmidlar</b>	<b>1 979 034,01</b>	<b>2 375 093,34</b>
<b>OMLØPSMIDLAR</b>		
Kortsiktige fordringar	9 717 374,18	14 629 785,37
Premieavvik	35 658,55	0,00
Kasse, postgiro, bankinnskot	8 490 168,75	5 155 292,57
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>18 243 201,48</b>	<b>19 785 077,94</b>
<b>Sum egedelar</b>	<b>20 222 235,49</b>	<b>22 160 171,28</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>		
<b>EIGENKAPITAL</b>		
Disposisjonsfond	4 040 134,91	4 597 032,56
Bundne driftsfond	4 883 080,10	12 701 544,00
Regnskapsmessig overskot	56 828,20	17 183,62
Kapitalkonto	1 853 471,27	2 303 519,67
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>10 833 514,48</b>	<b>19 619 279,85</b>
<b>Gjeld</b>		
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>		
Pensjonsforpliktingar	125 562,73	71 573,67
<b>Sum langiktig gjeld</b>	<b>125 562,73</b>	<b>71 573,67</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Anna kortsiktig gjeld	9 263 158,28	2 426 761,09
Premieavvik	0,00	42 556,67
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>9 263 158,28</b>	<b>2 469 317,76</b>
<b>Sum gjeld</b>	<b>9 388 721,01</b>	<b>2 540 891,43</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>20 222 235,49</b>	<b>22 160 171,28</b>

<b>NOTE - AKSJAR OG ANDELAR - ANLEGGSMIDLAR</b>	<b>Bokført verdi</b>	<b>Eigardel</b>
Setesdal Biltruter LL	445 500,00	1500 / 18175
Egenkapitalinnskot KLP	225	
<b>NOTE - SPESIFIKASJON AV OVERFØRINGAR MELLOM SELSKAP OG DELTAKARAR</b>		
		<b>BELØP</b>
Bykle kommune	1 633 333	*1
Valle kommune	1 633 333	*2
Valle kommune	-295 423	*3
Bygland kommune	1 833 333	*4
Evje og Hornnes kommune	1 300 000	
<p>*1 Inkl. 1/3 mill. til riksveg 9/Statens Vegvesen            *2 inkl. 1/3 mill. til riksveg 9/Statens Vegvesen            *3 Internkjøp husleige, tenesteytingar vertskommune            *4 inkl. 1/3 mill til riksveg 9 + vidareføring tilskot på kr. 200 – (skjønsmidlar) til NAV Setesdal</p>		
<b>NOTE - EKSTERNE INNTEKTER</b>	<b>REKNESKAP 2007</b>	<b>REKNESKAP 2006</b>
Salsinntekter	2 624	13 201
Refusjon frå staten	0	39 687
Refusjon frå fylkeskommunen	745 000	802 299
Andre refusjonar	267 920	56 893
Overføring frå fylkeskommunen*	0	6 942 571
<b>Totalt</b>	<b>1 015 544</b>	<b>7 854 651</b>
* refusjon – kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgivaravgift		
<b>NOTE - BEMANNING OG YTINGAR TIL LEDANDE PERSONAR</b>	<b>REKNESKAP 2007</b>	<b>REKNESKAP 2006</b>
Tal årsverk	1	1,6
Løn dagleg leiar	485 000	485 000
Løn styreleiar	97 000	97 000
Godgjersle revisor:		
– revisjon	12 040	9 000
– hjelp	6 728	696



# Setesdal Revisjonsdistrikt IKS

- Bykle-Valle-Bygland-Evje og Hornnes-Iveland -

Til  
Styret i Setesdal Regionråd

## REVISJONSBERETNING FOR 2007

Vi har revidert årsregnskapet for Setesdal Regionråd for regnskapsåret 2007, som viser et ordinært resultat på kr 8.335.716,97 og et regnskapsmessig resultat på kr 56.828,20. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet. Årsregnskapet består av driftsregnskap, balanseregnskap, økonomiske oversikter, noteopplysninger og pliktige budsjettopplysninger. Kommuneloven med tilhørende regnskapsbestemmelser i forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god kommunal regnskapsskikk i Norge, er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet er avgitt av samarbeidets styre og daglig leder. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til kommuneloven og forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommuneloven, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god kommunal revisjonsskikk omfatter revisjon også en gjennomgåelse av samarbeidets økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et uttrykk for samarbeidets økonomiske stilling 31. desember 2007 og for resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god kommunal regnskapsskikk i Norge
- de disposisjoner som ligger til grunn for regnskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god kommunal regnskapsskikk i Norge
- opplysningene i styrets årsberetning om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Evje, 2. juni 2008  
Setesdal Revisjonsdistrikt IKS

*Steinar Risingård*  
Steinar Risingård  
Revisjonssjef

TELEFON	E-POST	POSTADRESSE	ORG.NR
Risingård 379 32 360	srisinggard@e-h.kommune.no	Evjemoen	976662652
Nilsen 379 32 361	onilsen@e-h.kommune.no	4735 EVJE	
Pytten 379 32 362	tptytten@e-h.kommune.no		
Mobiltlf 916 31 468		BESØKSADRESSE	BANKKONTONR
Fax 379 32 365		Evjemoen	2901.11.01788

# 15

## Framtidsutsikter – prioriterte aktivitetar

### Økonomi

Styret ser optimistisk på samarbeid med 4 likeverdige partar i samarbeidet mellom kommunane. Styret vil arbeide for auka rammer til regional utvikling og næringsutvikling, gjennom fylkeskommunen og Fylkesmannen.

### Utvikling av nytt styringsdokument

Styret ser også fram til å vidareføre det gode samarbeidet med Aust-Agder fylkeskommune og formalisere samarbeidet i utviklingsplan for Setesdal, som vil vere eitt av gjeremåla som må halde fram i 2008. Ambisjonen vår er å bli konkret og få målbare tiltak og resultat.

### Samferdsle og infrastruktur

Riksveg 9 kjem til å vere det viktigaste infrastrukturtiltaket i 2008 – både i høve til vidareutbygging, finansiering og planlegging vidare.

### Næringsutvikling

Ein ser det som sentralt å få ein omforeina regional samarbeidsstruktur for tiltaksarbeidet koordinert gjennom Setesdal Regionråd samstundes som kommunane vidareutviklar eige tiltaksapparat lokalt.

### Arena for politisk verkstad – regionale og interkommunale drøftingar og samarbeid

Setesdal Regionråd skal halde fram som politisk verkstad og arena for formelle og uformelle drøftingar av samfunnsrelaterte tema og utfordringar. Vi ser føre oss at regionrådet skal fungere som felles talerør der kommunane ser seg tente med det, t.d. ved utvikling av interkommunale løysingar og tiltak.

### Risiko

Under føresetnad av at dei økonomiske rammeføresetnadene blir oppretthaldne og vi lykkast med å vidareutvikle eit sterkt og robust fellesskap i regionen, er risikoen knytt til verksemda avgrensa.

### HANLINGSPROGRAM FOR 2008

Innan Utviklingsplan for Setesdal ligg føre, har styret valt ut 10 prioriterte tiltak av over 50 ønskelege. Desse blir lagde til grunn som handlingsprogram for verksemda i 2008.

1. Styrking av regionalt næringsfond
2. Greie ut ev. interkommunalt samarbeid for overordna planlegging (areal-samfunnstema)
3. Riksveg 9 – sikre vidare utbygging, planlegging og finansiering
4. Vidareutvikle interkommunalt samarbeid innafor IKT-relaterte tenesteområde
5. Rekruttering – kompetanseplanlegging – desentralisert utdanning (lærar og sjukepleiar prioritert)
6. Gjere noko for å tryggle og vidareutvikle landbruk og nisjenæringer
7. Reiseliv – rolleavklåring, strategiutvikling, regionale samhandlingstiltak marknadsføring
8. Næringshage – klyngeutvikling – bransjeretta tiltak over kommunegrenser
9. Auka attraksjonskraft gjennom positiv synleggjering
10. Styring av reiselivsmessig infrastruktur.



*Signe Sollien Haugå*

Signe Sollien Haugå

DAGLEG LEIAR







*«Lykka den må du alli borge  
då sår du glee å haustar sorgje.  
Du må take lykka mæ ho der æ  
det æ alli visst du æ sia fær.»*

«STEV FOR DAGEN», BRÅTEN BERG/RYSSTAD, 2007



BYKLE  
KOMMUNE



VALLE  
KOMMUNE



BYGLAND  
KOMMUNE



EVJE OG HORNNES  
KOMMUNE

Setesdal Regionråd (SR) er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle.

Vi har tre hovudarbeidsområde – infrastruktur, interkommunalt samarbeid og næringsutvikling.

Alt vi gjer er mynta på at det skal vere godt å bu og drive verksemd i Setesdal. Vi er og opptekne av å ta vare på eigenarten her.